
Til: Hovudutval for næring

Frå: Direktør Næring, plan og innovasjon

Verdiskaping i Vestland: Næringssamsetnad og utviklingstrekk

Vestland har lange tradisjonar og høg aktivitet innan mellom anna maritim transport, leveransar til olje og gass, marine næringar, reiseliv og prosessindustri. Felles for verdikjedene er at dei bygger på konkurransefortrinna i Vestland, men også at ein står overfor omstillingar i åra som kjem og vesentlege barrierar knytt til mellom anna kraft og nett, areal og infrastruktur, kapital og kompetanse.

Hovudmålet i regional plan for berekraftig verdiskaping i Vestland er at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket, basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Innanfor grøn næringsutvikling blir dette konkretisert med mål om eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030 og verdiskaping og nye grøne arbeidsplassar i heile fylket.

For å følgje opp status og utviklingstrekk er oppdaterte rapportar og analyser som viser data frå ulike delar av fylket viktig. Rapporten Vestlandsanalyse 2024/03 kombinerer derfor nasjonale og regionale rapportar og analyser med eigne data og analyser. Dette skal gi grunnlag for presentasjonar og avgjører gjennom å svare ut følgjande problemstillingar:

- Kva næringar er viktige for verdiskapinga i Vestland?
- På kva næringsområde er Vestland viktige for verdiskapinga i Norge?
- Korleis fordeler verdiskapinga seg i Vestland?
- Korleis utviklar verdiskapinga i Vestland seg over tid?

I rapporten viser vi til dashboard, presentasjonar, dokumentasjon og rapportar. Desse er samla på nettsida www.gronregionvestland.no/verdiskaping.

Samla sett viser analysen at Vestland er eit fylke med stor økonomisk betydning, både regionalt og nasjonalt, med ein robust og variert næringssstruktur som legg grunnlaget for vidare vekst og utvikling.

Hovudkonklusjonane i rapporten er elles som følgjer:

Mangfaldig næringssstruktur

Vestland er eit fylke med ein mangfaldig næringssstruktur som bidreg vesentleg til verdiskapinga både regionalt og nasjonalt. Vestland har ein vesentleg aktivitet i alle ledd av verdikjedene, der varehandel, industri og bergverk, fornybar energi, marine næringar, tenesteyting (lokalnæringer) og olje og gass er dei største. Det er verdt å merke seg at aktiviteten både omfattar primærledd i verdikjedene med råvareproduksjon, foredling, distribusjon og handel, reparasjon og service og handsaming og bruk av restråstoff, og utstyr- og tenesteproduksjon, bank, finans og forsikring, infrastruktur og andre støttetenester. Desse støttetenestene rettar seg i stor grad mot fleire

verdikjeder, men særleg stor er utstyr og tenesteproduksjonen retta mot både nykonstruksjon og vedlikehald i olje og gass.

Vestland er viktig for verdiskapinga i Norge og norsk eksport

Samla sett står Vestland for 9 % av norsk verdiskaping og 12 % av dei sysselsette. Ser vi bort frå kontinentalsockelen er Vestland sin del 12 % av både verdiskapinga og dei sysselsette.

Delnæringane der Vestland har særleg høg del av norsk verdiskaping er produksjon av transportmidlar, inkl verftsindustri (29 %), produksjon av metallar og metallvarer (23 %), fiske og fangst (22 %), produksjon av maskinar og utstyr elles (21 %), tekstil-, kles- og lærwareindustri (20 %), produksjon av møblar, reparasjon og installasjon av maskiner (18 %), elektrisitet, gass og varmtvannsforsyning (18 %) og akvakultur (15 %). Felles for delnæringane der vestland står for ein høg del av den norske verdiskapinga er at dei legg grunnlaget for eller er eksportretta næringar. Vestland er derfor det fylket som eksporterer mest av fylka i Norge.

Dei ulike delane av Vestland utfyller kvarandre: Bergen har høgast verdiskaping samla sett, men alle regionar bidreg på viktige delnæringar for vestlandsk og norsk verdiskaping

Bergen har ein svært høg del av verdiskapinga i støtteaktivitetane til verdikjedene (som til dømes bank, forsikring og finans og forretningsmessig tenesteyting), men også vesentlege bidrag i primæraktivitetane for verdikjedene. Samla sett står Bergensområdet for 60 % av verdiskapinga i Vestland.

Det er viktig å merke seg at det er store forskjellar på tvers av ulike delnæringar. For mange av delnæringane der Vestland har ein høg del av den norske verdiskapinga er det ulike regionar i Vestland som har høgast del av verdiskapinga. Regionane utanfor Bergen har generelt ein relativt sett høgare del av verdiskapinga i primæraktivitetane for verdikjedene (og då særleg råvareproduksjon og foredling), samt for nokre typar utstyr- og tenesteleverandørar.

Slik ser vi at dei ulike delane av Vestland utfyller kvarandre og at alle delar av Vestland står for vesentlege bidrag til vestlandsk og norsk verdiskaping.

Positiv utvikling i verdiskaping og eksport over tid

Over tid har verdiskapinga i Vestland vist ei positiv utvikling, med ein auke i bruttoproduktet frå 211 milliardar kroner i 2008 til 334 milliardar kroner i 2021. Denne veksten har vore prega av både økonomiske opp- og nedturar, inkludert finanskrisa og koronapandemien, men fylket har vist evne til å tilpasse seg og vekse vidare. Eksporten frå Vestland har også auka betydeleg, med ein samla eksportverdi på over 230 milliardar kroner i 2023, noko som er det høgaste nokon gong for eit norsk fylke.

Vedlegg

1 Vestlandsanalyse 202403 Verdiskaping